



Det kogelege barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Postboks 8036 Dep.

0030 OSLO

Referanser:

Dykkar:
Vår: 14/276 - 15/1337

Saksbehandlar:

Øivind Olsnes
oivind.olsnes@modalen.kommune.no

Dato:

19.06.2015

Melding om vedtak - Busetting av flyktningar med bakgrunn i dagens flyktningekrise

Syner til vårt tidlegare svarbrev datert 26.05.2015, og kan no melda frå om at kommunestyret i møte den 18. juni gjorde vedtak i saka.

Slik det framgår av vedtaket vil Modalen kommune leggje til rette for mottak av 10 flyktningar i 2016. Ytterlegare mottak er føresettt nærmare vurdert og godkjend av kommunestyret.

Kommunestyret - Sak 023/2015:

Det er gjort slikt vedtak i saka:

Modalen kommune vil ta imot flyktningar for perioden 2015-2017, men må koma attende til konkret tidspunkt for mottak når bustadsituasjonen er avklart.

Målsetjinga er å ta imot 10 personar i løpet av 2016 i samsvar med IMDi sitt ynskje. Mottak av ytterlegare 9 flyktningar i 2017 skal leggjast fram for Modalen kummunestyre til avgjerd.

Ut frå tilgang på bustader og integrering i lokalmiljøet ønskjer Modalen kommune primært å busetje familiar, og ber IMDi ta omsyn til dette.

Det er ein føresetnad at det vert oppretta ei stilling som skal koordinere arbeidet. Omfanget av stillinga må vurderast, og tilpassast dei arbeidsoppgåvene som er knytt til koordineringa av mottaks- og integreringsarbeidet.

Modalen kommune skal søkja samarbeidsløysingar med dei andre kommunane i Nordhordland der dette er naturleg.

Rådmann får delegert mynde til å bestemme når tid kommunen er klar med den praktiske førebuinga

og i stand til å gjennomføre busettinga, og skal halde formannskap og kommunestyre løpande orientert om den vidare prosessen.

Rett utskrift:

Øivind Olsnes
Rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Andre mottakarar:

Det kogelege barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet